

[Omsett av Arne Garborg]

[side 8]

LUDVIG HOLBERG:

JEPPE PAA BERGET
ELLER
BONDEN SOM VART BARON

ACTUS I.

SCEN. 1.

NILLE (aaleine). Eg trur knapt det finst slik Lètting i heile Heradet som Mannen min; eg kann knapt faa honom vaken, um eg so haardreg honom upp or Sengi. I Dag veit den Traven at det er Torgdag, og ligg endaa so lenge og søv. Herr Paal sagde nyleg til meg: du er for strid med Mannen din, Nille; han er daa, og bør vera, Herre i Huset; men eg svara: Nei, min gode Herr Paal: lét eg Mannen min raada i Huset eit Aar, so fekk korkje Herskapet Avgift eller Presten Tiend; for det Aaret kom han til aa drikka upp alt som i Huset fanst; skulde eg lata den Mannen raada i Huset, han som er ferdug til aa selja Buskap og Kona og Born, ja seg sjølv, for Brennevin? Daa tagna Herr Paal reint og strauk seg um Munnen. Gardsfuten held med meg, han, og segjer: bry deg aldri um det Presten segjer, Mor mi; det stend nok i Ritualen, at du skal vera Mannen din undergjevi; men Festebrevet dykkar er nyare enn Ritualen, og der stend det, at du skal halda Garden din ved Lag og svara di Avgift; og det kann du umogeleg gjera, um du ikkje kvar Dag haardreg Mannen din og pryler han til Arbeid. No drog eg honom upp or Sengi og gjekk ut i Løda og saag etter korleis det gjekk med Arbeidet; men daa eg kom inn att, daa sat han paa Stolen og sov med Broki, beint ut sagt, paa den eine Foten; dermed laut Tampen or Kraai, og min gode Jeppe fekk Smurning, til dess han var fullvaken. Det einaste, han ræddast fyre er Meister Erik (so kallar eg Tampen). Hei, Jeppe, er du ikkje komen i Klædi enno, din Fehund du er? Hev du Hug til aa røda med Meister Erik endaa ein Gong? Hei, Jeppe, her inn med deg!

SCEN. 2.

JEPPE. NILLE.

JEPPE. Eg maa daa faa Stunder til aa klæda paa meg, Nille; eg kann daa ikkje gaa til Byen utan Kufta og Brok som eit Svin?

NILLE. Hev din Skabbhals ikkje kunna faa tie Par Brøker paa deg, sidan eg vekte deg i Dagmorgo?

[side 9]

JEPPE. Hev du lagt Meister Erik fraa deg, Nille?

NILLE. Ja; men eg veit aa finna honom att straks, er-so du ikkje skundar deg. Hit no! Sjaa, kor han kryp. Hit med deg; du skal til Byen og kaupa meg tvo Pund Grønsaape; sjaa der hev du Skillingar.

Men høyr: er du ikkje her paa Flekken att, fyrr fire timar er gjengne, so skal Meister Erik dansa Polka paa Ryggen din.

JEPPE. Kóss skal eg kunna gaa fire Miler paa fire Timar, Nille?

NILLE. Kven segjer du skal gaa, din Hanrei; du skal springa! No er Domen avsagd; gjer no som du synest. (Ho gjeng inn.)

SCEN. 3.

JEPPE (aaleine). No gjeng den Sugga inn og ét Aabit; og eg Armingen skal gaa fire Miler og fær korkje Vaatt eller Turt. Tru nokon Mann kann hava slikt Troll til Kjering som eg hev? Eg trur verkeleg ho er Syskenbaan til Hinmannen. Folk segjer nok at Jeppe drikk; men dei segjer ikkje kvifor Jeppe drikk; for eg fekk aldri sa mykje Juling i dei tie Aar eg var under Malisen, som eg no fær paa ein Dag av dette leide Kvinnfolket. *Ho* slær meg; Gardsfuten hjaa Herremannen driv meg til Arbeid som eit Beist, og Deknen gjer meg til Hanrei. Maa eg ikkje drikka daa? Maa eg ikkje bruka dei Raaderne Natturi gjev oss til aa driva Sorgi burt med? Var eg ein Tosk, so beit ikkje slikt so mykje paa meg; men no stend det fast at eg er ein vitug Mann; dermed gjeng sovore meir innpaa meg enn paa ein annan, og so lyt eg drikka. Grannen min, han Jens, han er min gode Ven og segjer tidt til meg: Fanden fare i den digre Vombi di, Jeppe, segjer han, du skulde slaa fraa deg, so fekk du nok Skikk paa Kjeringi. Men eg kann ikkje slaa fraa meg, for tri Ting Skuld. For det fyste hev eg ingin Korasi. For det andre for den forbanna Meister Erik som heng bakum Sengi, og som Ryggen min aldri hugsar utan han maa graata. For det tredje er eg, utan aa rosa meg sjølv, hjartegod av Lynde og ein god Kristen som aldri hemner meg, ikkje paa Deknen dessmeir, som sèt meg det eine Hornet i Skallen etter det andre; ja eg ofrar til han paa dei tri Storhelgerne endaa til, trass i det at der ikkje er den Æra i han, at han byd meg so mykje som ei Krus Øl Aare rundt. Inkje gjekk nokon Gong so innpaa meg som dei spitige Ord i han gav meg her um Aaret; eg fortalde um ein olm Tjor som aldri var rædd noko Menneskje, men ein Gong [side 10] vart rædd meg; daa sagde Deknen: skynar du ikkje det, Jeppe? Tjoren saag, at du hadde større Horn enn han, og heldt det ikkje raadelegt aa stangast med sin Overmann. Eg spør Dykk, godt Folk, um ikkje slike Ord kann gaa ein ærleg Mann til Merg og Bein. Og endaa er eg so skikkeleg, at eg aldri hev ynskt Livet av Kona mi. Tvert imot; daa ho laag i Gulsotti her ifjor, so ynskte eg at ho maatte liva; for Helvite er fullt av vonde Kvinnfolk fyrr, so Fanden kunde finna paa aa skikka henne heim att; og daa vart ho endaa verre enn ho er. Men um Deknen laag daud, saa vart eg glad, baade for mi eigi Skuld og for andre; meg er han berre til Mein; og Sokni hev inkje Gagn av han. Det er ein ulærd Djevel; ikkje duger han til aa halda Tonen, og endaa mindre til aa støypa eit ærlegt Vaks-Ljos. Nei daa var det anna til Kar, han Kristoffer, som me fyrr hadde; han var Basen for tolv Deknar i si Tid til aa syngja; slikt Mæle var der i han. Ein Gong sette eg meg likevæl fyre aa segja Deknen mi Meining, so Nille sjølv høyrde paa det; og so sagde eg: Fanden vere din Hanrei, Mads Dekn! Men kva hende? Meister Erik laut straks ned av Veggen og skilja Trætta, og Kona mi treskte Ryggen min so til Gagns, at eg laut beda Deknen um Tilgjeving og takka for, at ein studera Mann som han vilde gjera Huset mitt den Æra. Etter den Tid hev eg aldri tenkt paa aa mukka. Ja, ja, Mons Christoffersen! du og andre Bønder, de kann røda, de, som hev Kønur med ingen Meister Erik liggjande attanfor Sengi. Hadde eg eit Ynskje, eg kunde gjera, so vilde eg beda um, anten at Kona mi ikkje hadde Armar eller at eg ikkje hadde Rygg; for Munnen kann ho bruka so mykje ho idest. Men eg lyt innum Jakob Skomakar; han torer gjeva meg for ein Skilling i Brennevin paa Borg; eg treng noko aa smyrja Halsen med. Hei, Jakob Skomakar, er du uppe? Lat upp, Jakob!

SCEN. 4.

JAKOB SKOMAKAR (i berre Skjorta). JEPPE.

JAKOB SKOMAKAR. Kven Dunderen vil her inn so tidleg?

JEPPE. Godmorgon, Jakob Skomakar.

JAKOB. Takk, Jeppe. Du er tidleg ute i Dag.

JEPPE. Lat meg faa for ein Skilling i Brennevin, Jakob.

JAKOB. Ja vel; fli meg Skillingen.

JEPPE. I Morgo skal du faa han, naar eg kjem att.

JAKOB. Jakob Skomakar [side 11] skjenkjer ikkje paa Borg; du hev fulla ein Skilling eller tvo aa betala med, veit eg.

JEPPE. Skam um eg hev, Jakob, so nær som nokre Skilling Kona gav meg til aa kaupa noko fyre i Byen.

JAKOB. Du kann tinga av eit Par Skilling paa Vara, veit eg. Kva er Kaupmannsskapen din?

JEPPE. Eg skal kaupa tvo Pund Grønsaapa.

JAKOB. Naa; so kann du vel segja du hev gjeve ein Skilling eller tvo meir for Pundet enn du gjev?

JEPPE. Eg er so rædd ho fær vita det; og daa fær eg ei Ulukke.

JAKOB. Tøv; kvar skulde ho faa vita det? Kann du ikkje sverja paa, at du gav ut alle Pengarne til Saapa? Du er faa-tenkt som eit Fe.

JEPPE. Det er sant; det kann eg gjera.

JAKOB. Hit med Skillingen daa.

JEPPE. Sjaa der; men eg skal hava ein Skilling att.

JAKOB (kjem med Glaset; drikk honom til:) Skaal, Jeppe!

JEPPE. Du drakk som ein Skjelm.

JAKOB. Naa; det er daa Skikk, at Verten drikk Gjesterne til, veit eg.

JEPPE. Det er sant; men Skam faa den som fann paa den Skikken. Di Skaal, Jakob!

JAKOB. Takk, Jeppe. Du kjem til aa taka for den andre Skillingen med; eg eig mi Tru ingen Einskilling. Men kannhenda du heller vil hava ein Dram til Goda naar du kjem att?

JEPPE. Skam, um eg vil! Skal han i meg, so skal han i meg straks, so eg kann kjenna at eg fær noko i Livet; men drikk du av den óg, so betalar eg han ikkje.

JAKOB. Skaal, Jeppe!

JEPPE. Gud signe vaare Véner, og Skam faa alle vaare Uvener. Det gjorde godt i Magen. Aah, aah!

JAKOB. Lukka paa Ferdi, Jeppe!

JEPPE. Takk, Jakob Skomakar!

SCEN. 5.

JEPPE (aaleine).

JEPPE (vert lystig og tek til aa kveda:)

Ei kvit Høne og ei brokut Høne,
dei sette seg upp mot ein Hane.

Aa, gjev eg torde drikk for ein Skilling til. Aa, gjev eg torde drikk for ein Skilling til. Eg trur eg gjer det. Nei; daa gjeng det gale. Kunde eg berre faa Skjenkjestova ut or Syni, so hadde det ingi Naud; men det er plent som einkvan skulde halda meg. Eg *lyt* inn [side 12] att. Men, Jeppe! Kva er det du gjer? Det er som eg ser Nille; ho stend liksom i Veggen for meg med Meister Erik i Handi. Eg lyt snu. Aa, gjev eg torde drikk for ein Skilling til! Magen segjer: Du skal, men Ryggen segjer: du skal ikkje. Kven skal eg gjera imot? Er ikkje Magen meir enn Ryggen? Eg meiner jau. Skal eg banka paa? Hei, Jakob Skomakar, ut! Men den forbanna Kvinna kjem for meg att. Slo ho endaa so, at ikkje Ryggbeini tok Skade, so brydde eg meg Fanden um det; men ho slær som Aa Gud betre meg arme Mann, kva skal eg gjera? Tving Natturi di, Jeppe! Er det ikkje Skam, at du skal føra deg i Ulukka for eit skarve Glas Brennevin? Nei; ikkje denne Gongen. Eg lyt i Veg. Aa gjev eg torde drikk for endaa ein Skilling. Det galne var, at eg fekk Smak paa det; no kann eg ikkje koma av Flekken. Av Stad, Føter! Hunden rugge dykk, gjeng de ikkje! Nei Mari, um dei Karnaliane vil. Dei vil aat Skjenkjestova att. Lémerne mine ligg i Ufred: Magen og Føterne vil til Skjenkjestova og Ryggen til Byen. Vil de gaa, de Hundar, de Beist, de Skabbhalsar! Nei; Pokkeren fare etter dei; dei vil til Skjenkjestova. Eg hev meir Stræv med aa faa Føterne derifraa enn med aa faa den borkute Merri mi fraa Stallen. Aa gjev eg torde drikk for berre ein einaste Skilling til! Kven veit um ikkje Jakob Skomakar borgar meg for ein Skilling eller tvo, naar eg naudbed han um det?

Hei, Jakob Skomakar; endaa eit Glas Brennevin for tvo Skilling!

SCEN. 6.

JEPPE. JAKOB SKOMAKAR.

JAKOB. Aa, er det Jeppe? Er du attkomen? Naa; eg tenkte nok at du fekk for lite. For ein Skilling i Brennevin, kva kann det hjelpe? Det kjem daa ikkje skikkeleg nedgjenom Halsen.

JEPPE. Det er sant, Jakob. Lat meg faa for ein Skilling til. (For seg sjølv) Hev eg fyrst drukke, so fær han borga meg, anten han vil eller ei.

JAKOB. Her er for ein Skilling, Jeppe; men Skillingen fyrst!

JEPPE. Du kann sakte borga meg, med eg drikk, som Ordtøkje segjer.

JAKOB. Me bry oss ikkje um Ordtøke, Jeppe. Pengarne fyrst, eller so fær du ikkje ein Taar; me hev forsvore aa borga nokon, um det so var sjølv Gardsfuten.

JEPPE (græt). *Meg* kann du fulla borga? Eg er daa ein ærleg Mann.

[side 13]

JAKOB. Ingi Borging.

JEPPE. Der hev du Skillingen daa, din Prakkar! No er det gjort; drikk no, Jeppe. Aah! det gjorde godt.

JAKOB. Ja; det kann baka ein Skjelm innvendes.

JEPPE. Det alra beste med Brennevinet er at ein fær slik Korasi av det. No ikkje so mykje som hugsar eg korkje Kjeringi eller Meister Erik; so umbrigd vart eg av det siste Glaset. Kann du den Visa, Jakob:

Liti Kirsti og Herr Peder dei sat yvér Bord, Peteheia;
dei tala so mangt eit skjendelegt Ord, Polemeia.

Staren han synger um Sumaren glad, Peteheia.
Nille, den Merri, skal Fanden ta, Polemeia.

Eg gjekk meg ut i grønande Lund, Peteheia.
Deknen han er ein Rakkarhund, Polemeia.

Eg sette meg upp paa min apalgraa Hest, Peteheia;
Deknen han er eit Rakkarbeist, Polemeia.

Og vil du vita paa Kona mi Namn, Peteheia,
so heiter ho: faa Last og Skam, Polemeia.

Den Visa hev eg sjølv gjort, Jakob.

JAKOB. Jau det skal du faa meg til aa trul!

JEPPE. Jeppe er ikkje den Styvingen som du tenkjer. Eg hev gjort ei Vise um Skomakarar òg; den gjeng so:

Skomakaren med sin Bass og Fiol,
Filepom, Filepom!

JAKOB. Aa, din Tull; den er gjord um Spelemenner, den.

JEPPE. Ja det er sant. Høyr, Jakob, gjev meg for endaa ein Skilling i Brennevin.

JAKOB. Det er godt; no kann eg sjaa, du er ein Mann, som unner Huset ein Skilling.

JEPPE. Hei, gjev meg likso godt for fire Skilling.

JAKOB. Ja vel.

JEPPE (syng att.)

Jordi drikker Vatn,
Havet drikker Sol,
Soli drikker Hav,
so kann eg òg, mi Sæl,
drikka likso væl.

JAKOB. Skaal, Jeppe!

JEPPE. Mir zu!

JAKOB. Godtaar med Helvti!

JEPPE. Ikk tank ju, Jakob. Drikk man; dat deg di Dyvel haal, dat ist deg væl unnt.

JAKOB. Eg høyrer du kann snakka Tysk, Jeppe.

JEPPE. Ja visst; det er gamalt det; men eg snakkar det ikkje gjerne, utan eg er drukken.

JAKOB. Naa; so snakkar du [side 14] det iminsto ein Gong um Dagen.

JEPPE. Eg hev vore 10 Aar under Malisen og skulde ikkje skyna mine Maal?

JAKOB. Det veit eg nok, Jeppe; me hev vore i Kompani saman i tvo Aar, me.

JEPPE. Det er sant; no hugsar eg det. Du vart endaa hengd ein Gong; det var daa du rømde ved Vissmar.

JAKOB. Eg *skulde* verta hengd; men so fekk eg Pardon. So nær hjelper so mang ein Mann.

JEPPE. Det var ille at du ikkje vart hengd, Jakob. Men var du ikkje med i den Båtaljen som stod paa den Heidi du veit?

JAKOB. Aah! Kor var ikkje eg med?

JEPPE. Eg gløymer aldri den fyrste Salmen som Tysken skaut. Eg trur det fall 3000 med ein Gong, eller um eg skal segja 4000. Dat ging ferdyvla til, Jakob; du kann væl dat ihukommen? Ikk kann nik negten, at eg rædd var, in dat Slag.

JAKOB. Ja-ja. Dauden er hard aa gaa paa; ein vert so gudfrygtig, naar ein gjeng mot Fienden.

JEPPE. Ja d'er sant, det; eg veit ikkje kva det kann koma av. Heile Natti fyre Bataljen skulde staa laag eg og las i Davids Psaltkar.

JAKOB. Det er elles rart, at du, som hev vore Soldat, læt deg kujonera av Kona di.

JEPPE. Eg! Berre eg hadde henne her, so skulde du sjaa, kor eg skulde bastenere henne. Eit Glas til, Jakob! Enno hev eg 8 Skilling; og naar dei er uppdrukne, so drikk eg paa Borg. Gjev meg ei Krus Øl òg, Jakob. (Syng:)

In Leipzig var ein Mann.
In Leipzig var ein Mann.
In Leipzig var ein læderen Mann,
in Leipzig var ein Mann.
Die Mann han nahm ei Fru ...

JAKOB. Skaal, Jeppe!

JEPPE. Hei! He-i! He-i! Skaal for deg og Skaal for meg og Skaal for alle gode Vener! Hei! He-i!

JAKOB. Vil du ikkje drikka ei Skaal for Gardsfuten med?

JEPPE. Jau visst; gjev meg for endaa ein Skilling; Gardsfuten er ein gild Kar. Sting ein til han ein Dalar, so gjer han sin dyraste Eid for Herskapet paa at me ikkje kann betala Jordskatten. No skal eg vera ein Skjelm, um eg hev fleire Pengar; men du borgar meg daa for ein Skilling eller tvo, veit eg?

JAKOB. Nei, Jeppe; no toler du ikkje meir. Eg er kje den Mann som vil, at Gjæsterne skal forfylla seg i mitt Hus, og drikka meir enn dei hev [side 15] godt av. Heller vilde eg missa mi Næring; for slikt er Synd.

JEPPE. Hei, hit med for endaa ein Skilling!

JAKOB. Nei, Jeppe; no skjenkjer eg ikkje meir. Du hev lang Veg aa gaa; det fær du óg hugsa.

JEPPE. Hunderadd; Beist; Fark; hei, he— —i!

JAKOB. Farvel, Jeppe; Lukka paa Ferdi.

SCEN. 7.

JEPPE (aaleine).

Aa, Jeppe, du er full som eit Beist. Føterne vil ikkje bera meg. Vil dé staa, dé Karnaliar? Hei! So. Kva er Klokka? Hei, Jakob Hunderadd, Skuster, hei! for endaa ein Skilling. Vil de staa, de Asen? Nei, Hunden rugge meg, um dei vil staa. Takk, Jakob Skomakar, lat oss faa ein frisk. Høyr, Kamerat, kor er Veggen til Byen? Statt, segjer eg. Sjaa, Beistet er full. Du drakk som ein Skjelm, Jakob. Er *det* Brennevin for ein Skilling? Du mæler som ein Tyrk -- (Han dett i koll og vert liggjande.)

SCEN. 8.

BARON NILUS. SEKRETÆREN. KAMMERTENAREN. TVO LAKEIAR.

BARONEN. Det ser godt ut med Aaringen; sjaa kor fint Bygget stend.

SEKRETÆREN. Visst og sant, naadige Herre; men det er det same som at ei Tunne Bygg ikkje vil koma høgre i Aar enn i 5 Mark.

BARONEN. Det fær vera det same; i gode Tider klarar Bønderne seg likevel betre.

SEKRETÆREN. Eg veit ikkje kva eg skal segja, naadige Herre. Bønderne klaga jamt, og beda um Saakorn anten Aaret er so eller so. Hev dei noko, so berre drikk dei meir. Det bur ein Handlar her i Grendi som dei kalla Jakob Skomakar; han hjelper dugelig til med aa arma ut Bonden; dei segjer han hev Salt i Ølet sitt, so dei skal bli dess meir tyrste di meir dei drikk.

BARONEN. Den Karen maa me faa undan. Men kva er det som ligg burt i Veggen der? Ein daud Mann, ser det ut til. Ein høyrer daa ikkje anna enn vondt. Spring burt ein og sjaa, kva det er.

1ste LAKEI. Det er han Jeppe paa Berget, han som hev den leie Kjeringi. Hei! Upp, Jeppe! Aa nei. *Han* vaknar nok ikkje, um me baade slo og haardrog honom.

BARONEN. Lat honom vera. Men eg kunde hava Hug til aa spela eit Grand Komodie med honom. De pla vera sløge til aa finna paa; kunna de tenkja ut eitkvart no, som kunde vera meg til Moro? [side 16]

SEKRETÆREN. Eg trur det vore løglegt um ein sette ein Papirkrage um Halsen hans eller klipte Haaret av honom.

KAMMERTENAREN. Eg trur det vøre vel so løglegt, um ein smurde honom i Andlitet med Blekk, og so sette einkvan til aa sjaa etter, korleis Kòna tok imot honom, naar han kom heim i den Positur.

BARONEN. Det er godt nok. Men kven veit; kannhenda Erik hittar paa eitkvart som er lystigare. Seg kva du meiner, Erik!

ERIK LAKEI. Eg trur ein skulde klæda av honom og leggja honom i beste Sengi aat Herren; og naar

han vakna i Morgo, skulde me skapa oss liksom det var han som var Herren paa Garden, so at han sistpaa visste korkje upp eller ned. Og naar me daa hadde fengi han til aa tru at han var Baron, so drakk me honom likso full som han no er, og lagde honom i dei gamle Klædi hans paa den same Dungen der han no ligg. Vart dette godt skipa, so vilde det taka seg snodigt ut, og han kom til aa tru at han anten hadde drøymt seg so sæl, eller at han verkeleg hadde vore i Paradis.

BARONEN. Erik, du er ein stor Mann og hev daa berre store Raader. Men um han no vakna, medan me heldt paa?

ERIK. Det gjer han ikkje, naadige Herre, det vaagar eg; for denne Jeppe paa Berget er ein av dei største Sovararne i heile Heradet. Her ifjor vart det ut-røynt; dei batt ein Rakett i Nakken paa han og kveikte paa, og Raketten gjekk til Vers; men like godt sov Jeppe.

BARONEN. Naa; daa gjer me det so. Drag av med honom straks; lat honom so faa ei fin Skjurta paa seg, og legg honom i beste Sengi mi.

ACTUS I I.

SCEN. 1.

JEPPE (i Sengi aat Baronen, med sin Slaaprok av Gullbrokat for Stolen; han vaknar og gnikar seg i Augo; ser seg ikring og vert forstøkket; gnikar seg i Augo paa nytt; tek seg til Hovudet og fær ei gullsouma Natthuue i Handi; smør Sputt paa Augo og gnikar deim att; vender Huva og augnefer ho; ser paa den fine Skjurta si, paa Slaaprokken, paa allting; sèt upp underlege Andlit. Under all dette vert det høyrte ein linn Musik som fær Jeppe til aa leggja ihop Henderne og graata; naar den sluttar, tek han til Ords):

Nei men kva er daa dette. Kva *er* det for Stordom? Og korleis er eg komen uppi det? Drøymmer eg eller er eg vaken? Nei eg er fullvaken. Kor er Kõna mi; kor er Borni mine; kor er Huset mitt; kor er Jeppe? Alt er umbytt, og eg sjølv med. Nei men kva er daa dette, kva er daa dette? (ropar smaamælt og ræddvore): Nille! [side 17] Nille! Nille! Eg trur eg er komen til Himmerike, Nille; og det reint ufortent. Men tru det er eg? Det synest meg so; men det synest meg òg ikkje so. Naar eg kjenner paa Ryggen min, som enno er saar av den Dengsla eg hev fengje; naar eg høyrer meg røda; naar eg kjenner paa den hole Tonni mi, so tykkjer eg det er eg. Men ser eg paa denne Luva, og paa Skjurta, og paa all denne Stasen som er meg for Augo, og naar eg høyrer den ljuvlege Musiken, so Hunden rugge meg, um eg kann faa inn i *mitt* Hovud, at det er eg. Nei det er ikkje eg; eg vil vera ein Karnali tusund Gongir um det er eg. Men eg drøymmer kann-henda? Det synest meg ikkje so heller. Eg vil freista aa klypa meg i Armen; kjennest ikkje det vondt, so drøymmer eg; men er det vondt, saa er eg vaken. Jau, eg kjende det; eg er vaken. Visst er eg vaken; det kann ingin disputerer meg det; for var eg ikkje vaken, so kunde eg daa ikkje Men korleis *kann* eg vera vaken, naar eg rett tenkjer etter alt? Det kann daa ikkje glikka, at eg er Jeppe paa Berget; eg veit at eg er ein fatig Bonde, ein Træl, ein Fark, ein Hanrei, ei svalti Lus, ein Makk, ein Karnali; korleis kann eg daa samstundes vera Keisar og Herre paa eit Slott? Nei; det er ein Draum. Det er best eg slær meg til Ro, til dess eg vaknar. (Musiken byrjar paa nytt; Jeppe kjem paa Graaten att). Nei men kann ein høyra slikt i Svevne? det er daa aldri Raad. Men er det ein Draum, so gjev eg aldri maa vakna; og er eg galen, so gjev eg aldri maa verta klok, eg skulde stemna den Dokteren som gjorde meg god, og banna den som vekte meg. Men eg korkje drøymmer eller er galen; for eg hugsar alt som hev vederfares meg. Eg minnest at sæle Far

min var Nils paa Berget, og Farfar min Jeppe paa Berget; Kòna mi heiter Nille, og Tampen hennar Meister Erik, og Sønene mine Hans og Kristoffer og Nils. Men stopp; no hev eg funne ut kva det er. Det er det andre Livet; det er Paradis, det er Himmerike. Kannhenda drakk eg meg ihel igaar hjaa Jakob Skomakar, og døydde, og kom straks til Himmels. Dauden maa ikkje vera so hard aa gaa paa som dei trur; for *eg* kjende Inkje til han. No stend kannhenda i denne Stundi Presten paa Stolen og held Liktaalen yver meg, og segjer: slik Avferd fekk Jeppe paa Berget; han livde som ein Soldat og døydde som ein Soldat. Ein kann tvista um eg døydde paa Land eller i Vatn; for eg gjekk heller vaatvoren ut or denne [side 18] Verdi. Aa, Jeppe; dette er anna enn aa gaa fire Miler til Byen og kjøpa Saapa, og liggja paa Halm, og faa Bank av Kjeringi og Horn av Deknen. Aa, for Sæla det no hev vorte ut-av all Møda og alle dei sure Dagarne dine! Aa, eg er so glad at eg maa graata, serleg naar eg tenkjer paa, at dette hev hendt meg so reint ufortent. Men ein Ting stend meg for Hovudet; og det er det, at eg er so tyrst, at Lippurne mine heng ihop; skulde eg ynskja meg livande att, so maatte det vera for aa faa ei Krus Øl til aa utyrsta meg paa. For kva kann det nytta meg, alt dette herlege for Høyrsla og Syn, naar eg skal døy upp-att av Torste? Presten hugsar eg hev ofte sagt, at ein korkje svelt eller tyrstar i Himmelen; og alle sine burtdøydde Vener skal ein og finna att der. Men eg ormegtast av Torste; og plent eismall er eg; ser ikkje eit Menneskje. Iminsto maatte eg daa finna att han Farfar, som var slik ein skikkeleg Mann, og ikkje lét etter seg ein Skillings Restans hjaa Herskapet. Og eg veit daa, at det er mange som hev livt likso skikkeleg som eg; kvi skulde eg aaleine koma til Himmels? Det kann daa ikkje vera Himmerike heller. Men kva er det daa? Eg søv ikkje; eg er ikkje vaken; eg er ikkje daud; eg er ikkje livande, eg er ikkje galen; eg er ikkje klok; eg er Jeppe paa Berget, eg er ikkje Jeppe paa Berget; eg er fatig, eg er rik, eg er ein stakkars Bonde, eg er Keisar. A—a— a – hjelp! hjelp! hjelp! (Nokre som hev stade pa Lur kjem inn).

SCEN. 2.

KAMMERTENAR. EIN LAKEI. JEPPE.

KAMMERTENAREN. Eg ynskjer den naadige Herren ein god Morgon. Her er Slaaprokken, um Naadigherren vil staa upp. Spring ut etter Handklæde og Vaskevatt, Erik.

JEPPE. Aa, velborne Herr Kammertenar, eg vil gjerne staa upp; men eg bed Dykk, at De inkje vondt vil gjera meg.

KAMMERTENAREN. Gud fri oss fraa aa gjera Herren vondt!

JEPPE. Aa, fyrr de slær meg ihel, vil de daa ikkje gjera væl og segja meg kven eg er?

KAMMERTENAREN. Veit ikkje Herren kven han er?

JEPPE. Igaar var eg Jeppe paa Berget; men i Dag ... Aa, eg veit ikkje kva eg skal segja.

KAMMERTENAREN. Det er hugsamt at Herren er so godt til Lags i Dag, at han tekkjest skjemta. Men Gud hjelpe oss, kvi græt Dykkar Naade?

JEPPE. Eg er ikkje Dykkar Naade; det skal eg gjera min Sælebots Eid paa; for so vidt [side 19] som eg minnest, so er eg Jeppe Nilsson paa Berget, ein av Bønderne aat Baronen. Og vil de faa hit Kòna mi, so skal de faa høyra det same av henne; men lat henne ikkje taka Meister Erik med seg.

KAMMERTENAREN. Dette er noko sers. Kva kann det vera? Herren er visst ikkje vaken; han plar daa aldri skjemta soleis.

JEPPE. Um eg er vaken eller ei, det skal eg ikkje kunna segja; men det veit eg, og det kann eg segja, at eg er ein av Bønderne aat Baronen og heiter Jeppe paa Berget, og hev aldri vore korkje Baron eller Greive i mi Livstid.

KAMMERTENAREN. Kva meiner du, Erik? Eg er rædd Herren hev vorte sjuk.

ERIK. Eg trur han gjeng i Svevnorm. Det hender ofte at Folk stend upp og klæd paa seg og røder og ét og drikk i Svevne.

KAMMERTENAREN. Nei, Erik; eg merkar at Herren ørskar i Sjukdom; spring etter eit Par Doktorar straks Aa, naadige Herre, slaa alt slikt fraa Dykk; elles sèt De Støkk i heile Huset. Kjenner naadig Herren ikkje meg?

JEPPE. Eg kjenner ikkje meg sjølv; kor skulde eg daa kjenna Dykk?

KAMMERTENAREN. Aa nei, kann det vera Raad at eg skal høyra slike Ord av min naadige Herre, og sjaa honom i slikt Tilstand. Aa usæle Huset vaart, som skal koma ut for Tavreskap! Kann ikkje Herren hugsa kva han gjorde igaar, daa han reid i Veideskog?

JEPPE. Eg hev aldri vore korkje Veidar eller Tjuvskyttar; for eg veit, at det er Bremerholms Arbeid, det. Og inkje Liv skal kunna faa det paa meg, at eg hev gjengi etter Hare paa Herren sitt Gods.

KAMMERTENAREN. Aa, naadige Herre, eg var daa sjølv med honom paa Veiding igaar.

JEPPE. Igaar sat eg hjaa Jakob Skomakar og drakk for tolv Skilling i Brennevin; kor kunde eg daa vera paa Veiding?

KAMMERTENAREN. Aa, eg naubbed naadig Herren paa mine berre Kne, at han ikkje røder soleis. Erik, gjekk det Bòd etter Doktrarne?

ERIK. Ja, dei kjem nok straks.

KAMMERTENAREN. Lat oss daa faa Slaaprokken paa Herren; det kann henda han besnar, naar han kjem ut i Lufti. Vil Herren tekkjast hava paa seg Slaaprokken?

JEPPE. Hjartans gjerne. De maa gjera med meg som de vil, naar de berre ikkje slær meg ihel; for eg er so uskyldig som Barn i Morsliv.

[side 20]

SCEN. 3.

TVO DOKTORAR. JEPPE. KAMMERTENAREN. ERIK.

1ste DOKTOR. Me høyra med største Sorg at Herren ikkje er frisk.

KAMMERTENAREN. Nei, Herr Doktor, han er i eit elegt Tilstand.

2dre DOKTOR. Kor stend det seg, naadige Herre?

JEPPE. Rett godt; eg er berre noko tyrst etter det Brennevinet eg fekk igaar hjaa Jakob Skomakar. Vil de gjeva meg ei Krus Øl og lata meg gaa, so kann dei gjerne for meg hengja baade Dykk og alle Dokterar upp; for nokon Medisin treng eg ikkje.

1ste DOKTOR. Det kann ein kalla aa fantasera, Herr Collega!

2dre DOKTOR. Di stridare det er, di snøggare vil det rasa ut. Late oss kjenna paa Pulsen. *Quid tibi videtur, Domine Frater?*

1ste DOKTOR. Eg held fyre det trengst Aarelatiing.

2dre DOKTOR. Eg trur ikkje det; slike underlege Aakomur maa ein kurera paa annan Maate. Herren hev havt ein fæl og furdeleg Draum, som hev sett Blodet i Uro og skjepla Heilen soleis, at han biller seg inn aa vera ein Bonde. Me maa sjaa til aa divertera Herren med dei Ting som han plar lika best, gjeva honom den Vinen og den Maten som han finn mest Smak i, og spela for honom dei Tonestykki han helst vil høyra. (Ein lystig Musik tek til.)

KAMMERTENAREN. Det Stykke trur eg Herren held mest av?

JEPPE. Det kann nok henda. Er her alltid slikt Gaman her paa Garden?

KAMMERTENAREN. So tidt som det tekkjest Herren; det er han som gjev oss alle Kost og Løn.

JEPPE. Men det er underlegt at eg ikkje kann koma i Hug kva eg fyrr hev gjort.

2dre DOKTOR. Det fylgjer med Sjukdomen, naadige Herre, at ein gløymer av alt det ein fyrr hev gjort. Eg hugsar at ein av Grannarne mine for nokre Aar sidan vart so ørsken av Drykk, at han gjekk i tvo Dagar og trudde han var hovdalaus.

JEPPE. Eg var like sæl, um Kristoffer Skrivar trudde det same. Men han maa hava ein motsett Sjukdom, han; for han trur han hev mykje til Hovud, endaa han inkje hev, som ein kann merka av Domarne hans. (Alle lær)

2dre DOKTOR. Det er ein Hugnad aa høyra Herren skjemta. Naa; denne Grannen min, som eg fortalde um, han gjekk Byen rundt og spurde [side 21] Folk, um ingin hadde funne det Hovudet han hadde misst; men han kom seg atter, og er i denne Stund Klokkar i Jylland.

JEPPE. Det kunde han vorte like godt, um han so ikkje hadde funne att Hovudet sitt. (Alle lær.)

1ste DOKTOR. Herr Kollega hugsar visst det som hende for tie Aar siden [sic] med ein Mann som trudde han hadde Hovudet fullt av Flugur; og den Grilla kunde han ikkje faa ifraa seg, kor mykje dei

talde for han. Men so var det ein vitug Doktor som fann paa Raad: han straadde daude Flugur ut-yver eit Plaaster og lagde det Plaasteret paa Hovudet hans; daa han sidan tok det av, og den sjuke fekk sjaa Flugurne, so trudde han dei var dregne ut or Hovudet hans; og frisk vart han. Ein annan hev eg høyrte gjete, som etter ein lang Feber fekk den Grilla, at um han lét Vatnet sitt, so vart det ein Flaum som vilde øyda Landet. Og dette kunde ingen faa honom ifraa; han vilde døy for Aalmennbaten, sagde han. Men til Slutt fann dei paa Raad: dei sende Bød liksom fraa Kommandanten, at Byen kunde venta ei Umlægning, og at det kunde bli faarlegt, av di Groverne kring Muren var tome; um han vilde gjera væl og fylla deim, so Fienden ikkje skulde sleppa inn i Byen. Glad vart den Sjuke; for no kunde han berga Landet og seg sjølv med; og soleis vart han skild av med baade Vatnet og med Sjukdomen.

2dre DOKTOR. Eg kann til Døme fortelja noko som hev hendt i Tyskland. Det var ein Adelsmann som kom til eit Verthus; og daa han hadde fenge Kveldsmat og vilde leggja seg, tok han av seg den Gullkjeda, han gjekk med um Halsen, og hengde ho upp paa Veggen der i Herbyrget. Verten gaadde etter dette; fylgde honom so aat Sengi og ynskte honom god Natt. Men daa han skyna at Adelsmannen sov, snikte han seg inn i Kammerset og tok 60 Lekkar ut or Kjeda; hengde ho so upp att. Um Morgonen vakna Gjesten og klædde paa seg. Men daa han skulde hengja Kjeda um Halsen, merka han at ho hadde misst halve si Lengd; han ropa daa paa Folk, og sagde at her hadde vore Tjuvar. Verten stod utanfyre og lurde; no sprang han inn; der skapa han seg reint forstøkt: aa! sette han i, for ei skræmeleg Umskaping! Daa Gjesten spurde kva som var tids, svara han: aa, Herre, Hovudet Dykkar hev vorti ein Gang til so stort som det var igaar; og so kom han med ein falsk Spegel som viste allting tvistort. Daa no Adelsmannen saag Hovudet [side 22] sitt so stort i Spegilen, kom han paa Graaten: no skynar eg, kvi Gullkjeda hev vorte for stutt, sagde han. Sette seg so paa Hesten og sveipte Hovudet inn i Kappa, so ingen skulde sjaa det, der han fór. Det er sagt, at han sidan heldt sig inne i mange Dagar og kunde ikkje koma ifraa dei Grillurne, men trudde at det var Hovudet som var for stort og ikkje Kjeda som var for stutt.

1ste DOKTOR. Det er tallast med Døme paa slike Innbillningar. Eg hugsar eg hev høyrte um ein som hadde sett seg i Hovudet, at Nasen hans var tie Fot lang; no vara han alle dei han raaka, at dei maatte ikkje koma honom for nære.

2dre DOKTOR. Domine Frater hev vel høyrte Soga um honom som trudde han var daud? Det var ein ung Fyr som fekk den Grilla; og so lagde han seg paa ei Baar og vilde korkje smaka Vaatt eller Turt. Dei talde for honom, Véernerne hans, og freista paa all Vis aa faa honom til aa eta; men faafengt var det; han berre lo, og meinte det var mot all Skikk for Daude aa eta og drikka. Sistpaa tok ein forfaren Mann Medisinen paa seg aa lækja han paa ein underlig Maate. Han fekk ein Tenar ogso til aa gjeva seg ut for daud og lata seg med stor Stas føra til same Staden der den sjuke hadde Lega si. Desse tvo laag daa fyrst lenge der og berre saag paa einannan. Umsider tok Sjukingen til aa spyrja den andre kvi han var komin hit; og hin svara: av di han var daud. Sidan gav dei seg til at spyrja kvarandre ut um kva Bane dei hadde havt; og um det fortalde dei kvarandre i det vide og det breide. So kom det nokre som dertil var tinga, med Kveldsmat til Tenaren; og han reiste seg i Kista og gjorde seg ei god Maaltid. Etterpaa spurde han den andre um ikkje han og snart skulde eta til Kvelds. Sjukingen undrast og spurde um det kunde høva seg for ein daud Mann aa eta; hin svara, at ein kunde ikkje lenge vera daud um ein ikkje aat. Den Sjuke lét seg daa yvertelja, fyrst til aa eta og sidan til aa sova, risa upp, klæda seg, i Lag med den andre; ja han hermde honom i all Ting, til dess han vart baade livande og klok att. Eg kunde gjeva tallause Døme paa slike underlege Innbillningar. Soleis hev det og no gjengi med den naadige Herren, at han innbillar seg aa vera ein fatig Bonde; men Herren maa slaa dei Tankarne fraa seg, so vert han frisk att straks.

JEPPE. Men kann det vera Raad, at det er Innbillning? [side 23]

DOKTOR. Ja visst; Herren hev høyrst av desse Sogurne no, kva Innbillningar kunna gjera.

JEPPE. *Er eg ikkje Jeppe paa Berget?*

DOKTOR. Nei visst.

JEPPE. Er ikkje den leide Nille Kòna mi?

DOKTOR. Langt ifraa; Herren er Enkjemann.

JEPPE. Er det og berre Innbillning at ho hev ein Tamp som heiter Meister Erik?

DOKTOR. Berre Innbillning.

JEPPE. Er det ikkje sant, det heller, at eg skulde til Byn igaar og kaupa Saapa?

DOKTOR. Nei.

JEPPE. Ikkje det heller, at eg drakk upp Pengarne hjaa Jakob Skomakar?

KAMMERTENAREN. Herren var med oss paa Veiding heile Dagen igaar.

JEPPE. Ikkje det at eg er Hanrei heller?

KAMMERTENAREN. Naa; Frua døydde daa for fleire Aar sidan.

JEPPE. Aa, eg tek til aa skyna Daarskapen min. Eg vil ikkje tenkja meir paa den Bonden; for eg kann merka at det er ein Draum som hev ført meg upp i den Villa. D'er snodigt at sovorne Grillur kann faa slik Magt med eit Menneskje.

KAMMERTENAREN. Vil Herren tekkjast aa taka seg ein Sving ut i Hagen, medan me steller til Aabiten?

JEPPE. Kann so; men lat det gaa fort; eg er baade tyrst og svolten.

ACTUS III.

SCEN. I.

JEPPE. KAMMERTENAREN. SEKRETÆREN.

JEPPE (kjem fraa Hagen med Fylgje sitt; Mat er sett inn paa eit lite Bord). Ha, ha, Maten er alt framsett, ser eg.

KAMMERTENAREN. Ja; alt er ferdugt, naar naadig Herren tekkjest setja seg inn-aat. (Jeppe set seg. Dei andre stend bak Stolen og lær aat Unotarne hans, naar han forsyner seg i Matfatet med Henderne, rapar ved Bordet, snyter seg med Fingrarne og turkar deim paa Klædi).

KAMMERTENAREN. Vil Herren segja fyre um Vinen?

JEPPE. De veit sjølve kva Vin eg plar drikka til Aabit.

KAMMERTENAREN. Det er rinsk Vin, Herren plar drikka helst. Smakar ikkje den, kann han straks faa ein annan.

JEPPE. Han er hosta sur, den. De faa hava noko Mjød uppi; daa vert han god; Søtt likar eg.

KAMMERTENAREN. Her er Kanarisekk, um Herren vil smaka paa den.

JEPPE. Det er god Vin. Skraal alle! (Kvar Gong han drikk vert det blaase i Trompeten.) Hei, [side 24] pass upp, Karar; endaa eit Glas Vin, av Karnalisekk, skynar de vel. Kor hev du fenge den Ringen, du hev paa Fingeren din?

SEKRETÆREN. Den hev Herren sjølv gjeve meg.

JEPPE. Det hugsar eg ikkje; gjev meg Ringen att; eg maa hava gjort det i Drukkenskap. Ein gjev daa ikkje slike Ringar burt. Sidan vil eg sjaa etter, kva for andre Ting de kann hava fengi; Tenarar skal ikkje hava anna enn Kost og Løn. Eg kann sverja paa, at eg ikkje veit av eg hev gjeve dykk noko serskilt; for kvi skulde eg det? Han er daa yver tie Riksdaler verd, den Ringen. Nei, nei, god' Karar; ikkje so, ikkje so. De maa ikkje gjera Dykk Bate av Veikleiken og Drukkenskapen til Herskapet Dykkar. Naar eg er drukken, so er eg ferdug til aa gjeva burt Broki mi; men naar eg hev sove ut Rusen, so tek eg Gaavurne att. Elles fekk eg Nille, Kjeringi, paa Nakken. Naah; kva er det eg segjer. Det er det gamle Tullet som kjem for meg att, so eg hugsar ikkje kven eg er. Gjev meg endaa eit Glas Karnalisekk. Same Skaal! (Trompetblaaster). Gjev Agt paa det eg segjer, Karar; og lat det vera Dykk til Vitring for siden, at gjev eg burt noko um Kvelden naar eg er drukken, so gjev de det tilbaka um Morgonen. Naar Tenarar fær meir enn dei kann eta upp, so vert dei storlaatne og slær paa Nakken aat Herskapet. Kor mykje hev *du* i Løn?

SEKRETÆREN. Herren hev alltid gjeve meg 200 Riksdalar um Aaret.

JEPPE. Du skal hava Fanden og ikkje 200 Riksdalar heretter; kva Gagn gjer du for 200 Riksdalar? Eg maa sjølv slæpa som ein Gamp og staa paa Laaven fraa Morgon til Kveld – so; der kjem dei forbanna Bondegrillurne atter. Gjev meg endaa eit Glas Vin. (Han drikk att, og Trompetarne læt). 200 Riksdaler! Det er aa flaa Herskapet sitt. Høyr, veit de noko, de gode Karar; naar eg hev eta, so er eg meint paa aa hengja upp annankvar ein her paa Garden. Eg er ikkje skjemtande med i Pengesaker, so mykje de veit det.

KAMMERTENAREN. Me vil gjeva att alt det me hev fengi av den naadige Herren.

JEPPE. Ja, ja, naadig Herre, naadig Herre; Komplement og Baslement er her godt Kaup paa i desse Tider. De vil smyrja meg um Munnen med naadig Herre, til dess de hev fengi Pengarne fraa meg og i Staden vorte *mine* Naadigherrar. Munnen segjer naadig Herre, men Hjarta segjer ditt Narr. De talar

ikkje som de tenkjer, Karar! De Tenestemänner, de er liksom Abner, som [side 25] kom og helsa Roland og sa: heil vere deg, Bror min! og stakk Dolken i Bringa paa han. Nei, tru de meg; nokon Narr er Jeppe ikkje! (Alle fell paa Knæ og bed um Naade). Stande berre upp att, Karar, til dess eg hev ete. Sidan skal eg sjaa etter koss det heng ihop, og kven som hev fortent aa verta upphengt eller ei. No vil eg vera lystig. Kor er Gardsfuten min?

KAMMERTENAREN. Han er her utanfyre. Lat han koma inn straks.

SCEN. 2.

JEPPE. KAMMERTENAREN. SEKRETÆREN. GARDSFUTEN.

GARDSFUTEN (kjem inn i sylvknappa Kjole med Sabelgjord um Livet). Hev naadig Herren noko aa bjoda?

JEPPE. Inkje anna enn at du skal verta hengd.

GARDSFUTEN. Eg hev daa inkje vondt gjort, naadige Herre; kvi skal eg verta hengd?

JEPPE. Er du ikkje Gardsfut?

GARDSFUTEN. Jau, naadige Herre.

JEPPE. Og endaa spør du, kvi du skal verta hengd?

GARDSFUTEN. Eg hev daa tent naadig Herren so trutt og ærlegt, og vore so onnug i Embættet mitt, so at naadig Herren hev rost meg framfor andre av Tenarane sine.

JEPPE. Ja visst hev du vore onnug i *ditt* Embætte; det kann ein sjaa paa dei støypte Sylvknapparne dine. Kva fær du i Løn um Aaret?

GARDSFUTEN. Eit Hundrad Riksdalar.

JEPPE (gjeng att og fram). Eit halvt Hundrad Riksdalar? Ja du skal hengja strakst.

GARDSFUTEN. Det kann ikkje vera mindre, naadige Herre, for mødesam Tenesta i eit heilt Aar.

JEPPE. Du skal verta hengd nettupp for di at du hev berre eit halvt hundra Riksdalar. Du hev Raad til sylvknappa Kjole, til Krusedullar kring Henderne, til Silkepung att-i Haaret, og hev berre 50 Riksdalar um Aaret; *maa* du daa ikkje stela fraa meg arme Mann; kor skulde det elles koma ifraa?

GARDSFUTEN (paa Kne). Aa, naadige Herre, spara meg for den fatige Kòna mi Skuld og for dei umyndige Borni.

JEPPE. Hev du mange Born?

GARDSFUTEN. Eg hev sju som liver, naadige Herre.

JEPPE. Ha, ha, sju Born som liver? Fort; heng han, Sikketé.

SEKRETÆREN. Aa, naadige Herre, eg er daa ingen Rettar!

JEPPE. Det du ikkje er kann du verta; du ser meg ut [side 26] til altslag. Og naar du hev hengt honom, so skal eg sidan hengja deg.

GARDSFUTEN. Aa, naadige Herre, er der ingen Pardon?

JEPPE (gjeng og driv; sèt seg og drikk; stend upp att). Eit halvt Hundrad Riksdalar og sju Born? Vil ingen annan hengja deg, so gjer eg det sjølv. Eg veit nok kva de er for Karar, de Gardsfutar. Eg veit korleis de hev fare fram mot meg og andre stakkars Bønder – so! der kjem desse Bondegrillurne att. Eg vilde segja: eg kann dykkar Haatt og Framferd so væl paa mine fem Fingrar, at eg kunde vera Gardsfut sjølv, um det kneip. De tek Rjomen av Mjølki, og Herrskapet fær ein Lort, beint ut sagt. Eg trur, at skal Verdi staa ei Stund, so vert Gardsfutarne Herrar og Herrarne Gardsfutar. Naar Bønderne sting dykk eller Kjeringarne dykkar ein Skilling i Neven, so gjeng de til Herrskapet med vene Talemaatar: den stakkars Mannen, han er viljug og onnug nok; men det hev gjenge gale for han paa ymis Vis, so han kann ikkje betala; han hev skrinn Jord; Buskapen hans hev fengi Skabb, og anna dilikt; med slikt Snakk maa daa Herrskapet lata seg lita. Tru du meg, god' Kar: eg læt meg ikkje snyta paa den Maaten; eg er sjølv Bonde og Bonde Son – so, der kjem det att, det Tullet. Eg segjer eg er Bonde Son; for dei fyrste Foreldri vaare, Abraham og Eva, dei var Bønder.

SEKRETÆREN (like eins paa Kne). Naadige Herre, hav Medynk med honnom for Skuld den fatige Kòna hans; for kva skal ho og Borni sidan live av?

JEPPE. Kven segjer dei skal liva? Ein kann hengja upp deim med.

SEKRETÆREN. Aa, Herre, det er slik ei ven, yndefull Kona.

JEPPE. So? Du er kanskje forlibt i henne, ettersom du fører Saki hennar so ihuga? Lat henne koma inn.

SCEN 3.

KONA AAT GARDSFUTEN. JEPPE. DEI ANDRE.

(Kòna kjem inn; kysser Jeppe paa Handi).

JEPPE. Er det Kòna til Gardsfuten?

KONA. Ja, naadig Herre.

JEPPE (tek henne paa Brystet). Du er ven. Vil du sova hjaa meg i Natt?

KONA. Herren hev aa bjoda i alt; eg er i hans Tenesta.

JEPPE (til Gardsfuten). Gjev du Løyve til at eg ligg med Kòna di i Natt?

GARDSFUTEN. Eg takkar Herren, at han vil gjera det ringe Huset mitt den Æra.

JEPPE. Sjaa her, sèt fram ein Stol til henne; ho skal [side 27] halda Bordskikk med meg. (Ho set seg til Bords og ét og drikk i Lag med honom. Han vert aabryen paa Sekretæren og segjer): Du skal faa ei Ulukka, dersom du ser paa henne. (Sidan slår Sekretæren Augo ned, so tidt Jeppe ser paa honom.)

(Jeppe syng ei gamaldags Kjærleiksvise.

Han byd Musiken spela ein Polskdans ; dansar med henne, men dett tri Gonger av Fullskap; den fjorde Gongen vert han endeleg liggjande og somnar).

SCEN. 4.

BARONEN. DEI ANDRE.

BARONEN. Han søv alt dugeleg. No hava me vunne Spelet; men me hadde so nær sjølve vorte mest narra. For han var meint paa aa spela Husbond yver oss; og daa hadde me anten lòte spillt Historia, eller me hadde vorte ille medfarne av denne grove Bonden. Men av Aatferdi hans kann ein læra, kor hardfenge og ovmodigt sovore Folk vert av aa koma braadt upp ifraa Skarnet i Ære og Høgd. Det var nære ved i ei Ustund at eg tok paa meg aa spela Sekretær; for hadde han late meg dengja, so hadde det vorte ei ørski Historie, som hadde gjort meg ikkje mindre enn Bonden til Gjørn for Folk. Det er best, at me lata honom sova lite enno, fyrr me draga dei skitne Bondeklædi paa honom att.

ERIK. Aa, Herre, han søv alt som ein Stein; sjaa her, eg kann slaa honom; han kjenner det ikkje.

BARONEN. Faa honom ut daa, og fullføre Komedia.

ACTUS IV.

SCEN. 1.

JEPPE (ligg paa ein Dunge i dei gamle Bondeklædi sine; han vaknar og ropar:) Hei, Sikketér, Kammertenar, Lakeiar, endaa eit Glas Karnalisekk! (Ser seg ikring og gnikar Augo liksom fyrr; tek seg til Hovudet og fær den gamle breide Hatten sin i Handi; gnikar seg i Augo og snur Hatten paa alle Kantar; ser paa Klædi sine og kjenner seg att; tek so til aa røda). Kor lenge var Abraham i Paradis? No kjender eg att alt, dessverre; Sengi mi, Kufta, den gamle Hanreihatten, meg sjølv; det er anna, det, Jeppe, enn aa drikk Karnalisekk av gyllte Glas og sitja til Bords med Lakeiar og Sikketerar attanfor Stolen sin. Det gode er ryrt, dessverre. Aa, aa; at eg, som var slik ein naadig Herre for ei stokkat Stund sidan, skal sjaa meg att i so laakt eit Tilstand: Stas-Sengi mi umskapt til ein Mykdunge, den gullsauma Luva til ein gamall Hanreihatt, Lakeiarne til Svin, og meg sjølv fraa ein stor naadig Herre til ein stakkars Bonde att. Daa eg vakna venta eg aa finna Fin- [side 28] grarne mine sette med Gullringar; men dei er, Skam aa segja, innsigla med noko anna. Eg tenkte eg skulde krevja Tenarane mine til Rekneskap; men no lyt eg sjølv laga Ryggen til Rettes, naar eg kjem

heim og skal gjera Rekneskap for mi Aatferd. Eg treiv etter eit Glas Karnalisekk, daa eg vakna, men fekk, reint ut, ein L. i Neven. Aa, aa, Jeppe, du fekk ikkje lenge vera i Paradis, og Gleda di fekk ein braa Ende. Men kven veit, um ikkje det same kann vederfarast meg, naar eg legg meg til Kvila endaa ein Gong. Aa, aa; gjev det vilde henda. Aa, aa; gjev eg kunde koma att-ende dit! (Legg seg til aa dorma att.)

SCEN. 2.

JEPPE. NILLE.

NILLE. Skal eg tru, det kann hava hendt honom noko? Kóss kann dette hava seg? Anten hev Fenden teke honom, eller so sit han paa ei Sjapp og drikk Pengarne upp, som eg ræddast meir fyre. Eg var ein Gjeck, daa eg fortrudde den Fyllefanten 12 Skilling paa ein Gong. Men kva ser eg? Ligg han ikkje der i Skarnet og ryt? Aa eg arme Menneskje som skal hava slikt eit Beist til Mann! Naa; Ryggen din skal faa bøta for det dyrt nok. (Stiltrar seg burt og gjev houom eit Slag av Meister Erik paa Baken.)

JEPPE. Hei, hei, Hjelp! Hjelp! Kva er det? Kor er eg? Kven er eg? Kven er det som slær meg? Kvi slær dei meg? hei!

NILLE. Eg skal straks læra deg, kva det er. (Slær honom att og haardreg honom.)

JEPPE. Aa, gode Nille, ikkje slaa meg; du veit ikkje, kva eg hev vori ute fyre.

NILLE. Kor hev du vore so lenge, din Fyllehund? Kor er Saapa du skulde kaupa?

JEPPE. Eg kunde ikkje koma til Byen, Nille.

NILLE. Kunde du ikkje koma til Byen?

JEPPE. Paa Vegen vart eg upptekin til Paradis.

NILLE. Til Paradis? (pryler honom.) Til Paradis? (Slær honom att.) Til Paradis? (Slær honom meir.) Vil du gjera Narr av meg attpaa?

JEPPE. Aa, aa, aa! det er so sant som at eg er ein ærleg Mann.

NILLE. Kva er sant?

JEPPE. At eg hev vore i Paradis.

NILLE. I Paradis! (Slær honom att.)

JEPPE. Aa gode deg, Nille, ikkje slaa meg meir.

NILLE. Tilstaa fort, kor du hev vore; eller so tyner eg deg.

JEPPE. Aa, aa, eg skal gjerne tilstaa, kor eg hev vore, naar du berre ikkje vil slaa meg meir.

[side 29]

NILLE. Fram med det daa.

JEPPE. Svèr paa at du ikkje vil slaa meg meir daa.

NILLE. Nei.

JEPPE. So sant som eg er ein ærleg Mann og heiter Jeppe paa Berget, so er det sant at eg hev vori i Paradis og sett Ting som du skal undrast yver aa høyra. (Nille pryler honom paa nytt, og dreg honom inn etter Haaret.)

SCEN. 3.

NILLE (aaleine). So, din Fyllehund, sov no fyrst ut Rusen, sa skal me talast meir ved sidan. Slike Svin som du er, dei kjem nok ikkje til Paradis. Du all Verdi, som det Beistet hev drukke Vitet burt. Men hev han gjert seg til Godes paa min Kostnad, sa skal han faa pønitera for det og. Paa tvo Dagar skal han korkje faa Vaatt eller Turt; og i den Tidi vert han nok ferdug med Grillurne um Paradis.

SCEN. 4.

TRI VÆPNA MENNER. NILLE.

3 MENNER. Bur det ikkje ein Mann her som heiter Jeppe?

NILLE. Det gjer so.

3 MENNER. Er du Kòna hans?

NILLE. Ja Gud betre, dessverre.

3 MENNER. Me maa tala med honom.

NILLE. Han er drukken.

3 MENNER. D'er det same. Fort ut med honom; elles gjeng det gali med heile Huset. (Nille inn og skubbar Jeppe ut med slik Fart, at han støyter ein av dei 3 Mennerne i Koll med seg,)

SCEN. 5.

DEI 3 MENNERNE. JEPPE.

JEPPE. Aa, aa, gode Menner; no ser de, kva for Kjering eg hev aa dragast med.

3 MENNER. Du fortentar ikkje likare Medferd; for du er ein Illgjerdsmann.

JEPPE. Kva vondt hev eg gjort daa?

3 MENNER. Det skal du faa vita straks, naar Retten vert sett.

SCEN. 6.

TVO ADVOKATAR. DOMAREN. JEPPE.

(Domaren kjem inn saman med ein annan Tenestemann og sèt seg paa Stolen sin; Jeppe vert bakkunden og førd for Domstolen. Det stig fram ein og klagar paa honom soleis:) Her er ein Mann, Herr Domar, som me kann vitna at me hev set snikja seg inn i Huset hjaa Baronen og gjeva seg ut for Herren, taka paa seg Klædi hans og tyrannisera Tenarane; og daa dette er eit uhøyrte Vaagnadverk, so krev me, at det vert straffa paa sers Maate, andre Valdsmenner til Fyredøme og Aatvaring.

[side 30]

DOMAREN (til Jeppe). Er det sant, dette som du vert skulda fyre? Hev du noko aa forsvara deg med, so seg fram; for me vil ingin fordøma uhøyrde.

JEPPE. Kva skal vel eg Armingen segja? Eg vedgjeng at eg hev fortent Straff, men berre for dei Pengarne eg drakk upp, men som eg skulde kaupt Saapa fyre. Like eins vedgjeng eg, at eg nyleg hev vori paa eit Slott; men kóss eg kom dit, og kóss eg kom derifraa att, det veit eg ikkje.

FYRSTE ADVOKAT. Her høyrer Domaren av det han sjølv tilstend, at han hev drukke seg full, og i Fullskap gjort seg skyldig i slik uhøyrde Misgjerning. Det stend daa berre att aa faa avgjort, um slik ein Illgjerdsmann kann orsaka si Misgjerning med Drukkenskap. Eg meiner nei; for paa den Maaten kunde korkje Hor eller Mord verta refst; kvar og ein vilde koma med slike Fyreberingar og segja at det var gjort i Fullskap. Og um han kann prova at han hev vore drukken, so vert ikkje Saki hans betre med det; for det drukken Mann hev forbrote skal han bøta for, naar han vert ædrug, heiter det. Og det er aalkjent, korleis ei slik Misgjerning no nyleg vart straffa, endaa Brøtsmannen hadde late seg forføra til aa gjeva seg ut for ein stor Herre av Styvingskap; det kunde ikke [sic] berga Livet hans, at han var faakunnig og styven. For einast til Fyredøme for andre er Straff innførd. Eg skulde fortelja Soga, um eg ikkje ræddast for aa hefta burt Retten med det.

2dre ADVOKAT. Gode Herr Domar, denne Saki synest meg so underleg, at slik ei Soga kann eg ikkje faa inn i Hovudet mitt, um her so var fleire Vitne. Ein einfald Bonde skulde snikja seg inn paa ein Herregard og laatst vera Herren, endaa han ikkje kunde taka paa seg korkje Andlitet eller Skapnaden hans? Korleis kunde han koma inn i Soveromet og taka paa sig Klædi, so ingen vardest det? Nei, Herr Domar, ein kann sjaa, at dette er noko som er oppspunne mot denne stakkars Mannen av Uvenerne hans. Eg vonar difor at han vert fri-dømd.

JEPPE: (græt). Aa Gud signe din Munn! Eg hev ein Tøbaks-mole i Brók-lomma mi, um De ikkje vil forsmaa; det er so godt Tøbak som nokon ærleg Mann vil tyggja.

2dre ADVOKAT. Hav Tobakket ditt sjølv, du Jeppe; eg talar ikkje for Gaavur og Godviljesmøner, men berre av kristeleg Medynk.

JEPPE. De maa orsaka meg, Herr Prokurator; eg tenkte ikkje slike Folk var so ærlege. [side 31]

1ste ADVOKAT. Det som Kallsbror min kjem med til Forsvar for denne Illgjerds mannen er bygt berre paa Gissingar. Her spørst ikkje um det er rimelegt at slikt kann henda eller ei; men det vert provfest at det hev hendt, baade ved Vitne og ved hans eigi Tilstaaing.

2dre ADVOKAT. Det ein Mann tilstend i Otte og Ørvilla kann ikkje vera rettsgildt. Meg tykkjest at det maa vera best aa gjeva denne einfaldige Mannen Tid til aa tenkja seg um, og so spyrja honom ut paa nytt. Høyr, Jeppe, tenk no etter, kva du segjer: tilstend du det som du vert skulda fyrr?

JEPPE. Nei eg vil gjera høgste Eiden min paa, at det er Lygn alt det eg svor paa fyrr; eg hev ikkje vori ute av Huset mitt paa tri Dagar.

1ste ADVOKAT. Herr Domar, mi faste Meining er, at ingen maa faa sverja, som baade er yvervitna og sjølv hev tilstade.

2dre ADVOKAT. Eg meiner jau.

1ste ADVOKAT. Eg meiner nei.

2dre ADVOKAT. Naar Saki er so underleg vori.

1ste ADVOKAT. Inkje hjelper mot Vitne og Tilstaaing.

JEPPE (avsides). Aa gjev dei kunde koma i Luggen paa einannan; so skulde eg taka Domaren paa meg, og rundjula han til Gagns, so han skulde gløyma baade Lov og Paabod.

2dre ADVOKAT. Men høyr, Herr Kollega: um Gjerningi vert tilstadi, so hev daa Mannen ingi Straff fortent; for paa Herregarden hev han inkje vondt gjort; han hev korkje stole eller drepe.

1ste ADVOKAT. Sliks Slag; *intentio furti* er jamgod med *furtum*.

JEPPE. Tala norskt, din svarte Hund, so skal me nok svara for oss.

1ste ADVOKAT. Um ein vert tekin naar han vil stela eller naar han hev stole, so er han Tjuv like godt.

JEPPE. Au, naadige Domar, eg vil gjerne verta hengd, um denne Prokuratoren vert hengd jamsides meg.

2dre ADVOKAT. Ikkje kom med slikt, Jeppe; det gjer berre meir vondt for Saki di.

JEPPE. Kvi svarar ikkje De daa? (avs.) Han stend der so styven som ein Stut.

2dre ADVOKAT. Men korleis provar De det *furandi propositum*?

1ste ADVOKAT. *Quicumque in aedes alienas noctu irrumpit, tanquam fur aut nocturnus grassator existimandus est; atque reus hic ita; ergo –*

2dre ADVOKAT. *Nego majorem, quod scilicet irrumperit.*

[side 32]

1ste ADVOKAT. *Res manifesta est, tot legitimis testibus exstantibus, ac confitente reo.*

2dre ADVOKAT. *Quicumque vi vel metu coactus fuerit confiteri –*

1ste ADVOKAT. Aah, kvar er den *vis*, kvar er den *metus*? Det er berre Lovkrokar.

2dre ADVOKAT. Nei De bruker Lovkrokar.

1ste ADVOKAT. Det skal ingen ærleg Mann skulde meg fyre. (Dei triv kvarandre for Bringa; Jeppe spring til attanfraa og riv Parykken av lste Advokat.)

DOMAREN. Vyrndad for Retten! Haldt opp; eg hev alt nok. (Les upp Domen:) Eftersom Jeppe paa Berget, Son av Nils paa Berget, og Soneson av Jeppe same Stad, er yviført, baade ved lovlege Vitne og ved eigi Tilstaaing, aa hava snikt seg inn paa Slottet aat Baronen og aa hava teki paa seg Klædi hans og fari ille fram mot Tenarane paa Slottet, – so vert han dømd til aa missa Livet ved Forgift, og, naar han er avliva, Likamen hans aa verta opphengd i ein Galge.

JEPPE. Aa, aa, naadige Domar, er det ingen Pardon?

DOMAREN. Nei ingileis. Domen vert sett i Verk straks, med' eg er her tilstades.

JEPPE. Aa, men maa eg daa ikkje faa ein Dram fyrst, so eg kann døy med Korasi?

DOMAREN. Jau; det kann lata seg gjera.

JEPPE (drikk tvo Drammar; paa Kne att). Er det ingen Pardon?

DOMAREN. Nei, Jeppe; no er det for seint.

JEPPE. Aa nei; for seint er det ikkje. Domaren kann berre gjera um Domen, og segja at han dømde gale fyrste Gongen; det hender so tidt; me er Menneskje alle.

DOMAREN. Nei; um nokre Minuttar fær du kjenna sjølv, at det er for seint; Forgifti var i Brennevinet.

JEPPE. Aa eg arme Menneskje, hev eg alt fengi Forgifti? Aa, Farvel, Nille! Endaa du hev ikkje fortent, din Karnali, at eg skulde taka Avskil med deg. Farvel, Jens og Nils og Kristoffer! Farvel, Martha, Dotter mi; Farvel, Augnesteinen min! deg veit eg at eg er Far til; for du vart gjord fyrr Deknen kom hit. Du hev Andlitet til Far din og; me er so like som tvo Dropar Vatn. Farvel, min brokute Hest, og Takk for kvar Gong eg reid paa deg; næst mine eigne Born hev eg ikkje vori so glad

i noko Beist som i deg. Farvel, Feierfaks, du min trugne Hund og Dørvaktar. Farvel, Mons, svarte Katten min; Farvel, Kyr, Sauer, Svin, og Takk for godt Kompaniskap, og for kvar Dag eg hev kjent dykk. [side 33] Farvel – aa, no kann eg ikkje meir, Eg vert so tung og vanmeztug. (Sig i Koll og vart liggjande.)

DOMAREN. Det gjeng godt; Dvaledrykken hev gjort sin Verknad; no søv han som ein Stein. Heng honom upp daa; men sjaa vel etter, at han ingin Skade fær av det, og at Reipet kjem berre under Armarne. No vil me sjaa, korleis han ber seg aat, naar han vaknar og finn seg hengd. (Dei dreg Jeppe ut.)

ACTUS V.

SCEN. 1.

JEPPE (i Galgen). NILLE. DOMAREN.

NILLE (riv seg i Haaret, slær seg for Brystet og ropar:) Nei, nei; kann det vera Raad, at eg skal sjaa min snilde Mann hengja so skamlegt i ein Galge? Aa alra kjæraste Mannen min, tilgjev meg, um eg hev gjort deg imot. Aa; no vaknar Samvitet; no tregar eg men altfor seint, at eg var so strid med deg; no saknar eg deg; no skynar eg paa, kva for ein god Mann eg hev misst. Aa, um eg kunde berga deg fraa Dauden med mitt eige Liv og Blod! (turkar Augo og græt saart. No hev Dvaledrykken gjort fraa seg; Jeppe vaknar og finn seg hengjande i ein Galge med Henderne bakkbundne; han høyrer Kona si jamra og talar til henne.)

JEPPE. Slaa deg til Tøls, kjære Kona mi; me skal alle den Vegen. Gakk heim og tak Vare paa Huset ditt, og hav Umsut for Borni mine. Den raude Kufta mi kann du sauma um til vesle Kristoffer; det som vert att skal Martha hava til Luva. Sjaa for allting etter, at den brokute Hesten min vert væl stelt; for eg hev halde av det Dyret som han kunde vore Bror min. Var eg ikkje daud, so skulde eg segja deg ymist anna.

NILLE. A–a–a, kva er det? Kva høyrer eg? kann ein daud Mann røda?

JEPPE. Ikkje vert rædd, Nille; eg skal inkje vondt gjera deg.

NILLE. Nei men kjæraste Mannen min, kóss kann du røda, naar du er daud?

JEPPE. Eg veit kje sjølv, kóss det hev seg. Men høyr, Kona mi, fljug som ein Eld og faa meg hit for 8 Skilling i Brennevin; eg er meir tyrst no enn daa eg livde.

NILLE. Aa fy, ditt Beist, ditt Skarn, din forgiftige Fyllefant! Hev du ikkje drukke Brennevin nok i di Livstid? Tyrster din Hund enno, no du er daud? Det er aa vera Svin til Gagns, maa eg segja.

JEPPE. Hald Mund, ditt Skarn, og spring etter Bren- [side 34] nevin straks. Gjer du ikkje det, so Hunden rugge meg spøkjer eg ikkje kvar Natt i Huset. Du skal vita eg er ikkje rædd Meister Erik lenger; no kjenner eg, korkje Hogg eller Slag. (Nille spring inn etter Tampen og dengjer Jeppe i Galgen.)

JEPPE. Au, au, au! Lat vera, Nille, lat vera; du kann slaa meg ihel ein Gong til; au, au au!

DOMAREN. Høyr, Kjering; du maa ikkje slaa honom meir. Gjev deg til Ro; for di Skuld vil eg tilgjeva Mannen din Brøtet hans og døma honom til Liv att.

NILLE. Nei, nei, gode Herre; lat honom berre hengja; han er ikkje Liv verd.

DOMAREN. Fy; du er eit Skarns Kvende. Sjaa aa kom deg avstad, elles hengja me deg upp jamsides honom. (Nille rømer.)

SCEN. 2.

JEPPE. RETTEN.
(Jeppe vert nedtekin or Galgen.)

JEPPE. Aa, gode Domar, er det visst at eg er livande att, eller spøkjer eg?

DOMAREN. Du er heilt-upp livande; den Retten som kann døma fraa Livet kann døma til Livet att ogso. Kann du ikkje skyna det?

JEPPE. Nei Mari, um eg det skynar; eg trur at eg gjeng att og spøkjer.

DOMAREN. Aa din Gjekk; det er daa lett aa skyna; den som tek noko fraa deg, han kann gjeva deg det att, veit eg.

JEPPE. Fær eg daa freista aa hengja Domaren upp, so for Moro Skuld, og so sjaa um eg sidan kann døma honom til Livet att?

DOMAREN. Nei det er raadlaust; du er ingin Domar.

JEPPE. Men livande att er eg?

DOMAREN. Det er du.

JEPPE. So at eg spøkjer ikkje?

DOMAREN. Nei visst.

JEPPE. Eller gjeng att?

DOMAREN. Nei.

JEPPE. Eg er den same Jeppe paa Berget som eg fyrr var?

DOMAREN. Ja.

JEPPE. So eg er inkje Skrymt?

DOMAREN. Visst ikkje.

JEPPE. Vil han sverja paa at det er sant?

DOMAREN. Ja; eg sver paa at du er livande.

JEPPE. Bed Hunden rugge deg paa, at det er sant.

DOMAREN. Naa; tru paa vaart Ord, og takka oss, at me hava vori so naadige aa døma deg til Livet att.

JEPPE. Hadde de ikkje sjølve hengt meg upp, so hadde eg gjerne takka dykk for at de løyste meg ned att.

DOMAREN. Roa deg, Jeppe, og seg oss til, naar Kòna di [side 35] slær deg oftare, so skal me nok vita Raad med det. Sjaa der hev du fire Riksdalar, som du kann halda deg lystig med ei Stund; og gløym ikkje aa drikka Skaal for oss.

(Jeppe kysser paa Handi og takkar. Retten gjeng).

SCEN. 3.

JEPPE (aaleine). No hev eg livt eit halvt hundra Aar; men i all den Tidi hev det kje hendt meg so mykje som paa desse tvo Dagarne. Det er nokre Fendens Sogur, naar eg rett skal tenkje etter; ein Time drukken Bonde, ein annan Time Baron, ein annan Time Bonde att; so dau; so livande i ein Galge, som er det mest forunderlege; kanskje naar ein hengjer livande Folk upp, so døyr dei, og naar ein hengjer upp daude, vert dei livande att. Eg tenkjer eit Glas Brennevin skal smaka herlegt etter dette. Hei, Jakob Skomakar, ut med deg!

SCEN. 4.

JAKOB SKOMAKAR. JEPPE.

JAKOB SKOMAKAR. Velkomen att fraa Byn! Fekk du den Saapa til Kjeringi?

JEPPE. Naa, din Fark; du maa vita kva Folk du røder med: Huva under Armen! For du er berre ein Karnali aa rekna for mot slik ein som eg.

JAKOB. Slike Ord tolde eg ikkje av ein annan, Jeppe. Men du unner Huset mitt ein dagleg Skilling; og so tek eg det ikkje so plent.

JEPPE. Huva under Armen, segjer eg, Skuster!

JAKOB. Kva er som hev hendt deg paa Vegen, med di du hev vorte so spansk?

JEPPE. Du maa vita eg hev vorte hengd, sidan eg rødde med deg.

JAKOB. Det er daa ikkje so svært fornæmt. Eg misunner deg ikkje den Lukka. Men høyr, Jeppe: der du drikk ditt Øl, fær du slaa ut din Berm; du drikk deg full andre Stadir, men kjem til mitt Hus berre naar du vil krangla.

JEPPE. Fort! Luva under Armen! Høyrer du ikkje kor det singlar i Lómma mi?

JAKOB (med Luva under Armen). Aa nei daa; kor hev du fenge dei Pengarne?

JEPPE. Av Baronskapet mitt, Jakob. Eg skal fortelja deg kva som hev hendt meg; men lat meg faa eit Glas Mjød fyrst; eg er for stor paa det no til aa drikkka simpelt Brennevin.

JAKOB. Skaal, Jeppe!

JEPPE. No skal eg fortelja deg kva eg hev vori ute fyre. Daa eg var gjengin fraa deg, somna eg. Daa eg vakna att, [side 36] var eg Baron og drakk meg drukkin paa nytt Lag av Karnalisekk. Daa eg hadde somna av Karnalisekk, vakna eg upp paa ein Dunge. Daa eg hadde vakna paa den Dungen, lagde eg meg til aa sova att, i den Voni at eg skulde sova meg eit nytt Baroniskap til. Men eg fekk finna, at det gjeng ikkje alltid so; for Kjeringi vekkete meg med Meister Erik og drog meg inn etter Haaret; hadde ikkje minste Vyrndnad for slik ein Mann som eg hadde vore. Daa eg var komen inn i Stova, vart eg kasta ut att hovudstup; og der saag eg ein Hop Snaalingar som ringa meg inne og dømde meg fraa Livet og drap meg med Forgift. Daa eg var daud vart eg hengd; og daa eg var hengd vart eg livande att; og daa eg var livande att, fekk eg fire Riksdalar. Soleis er Soga; men korleis slikt kann bera til, det vil eg beda deg tenkja etter.

JAKOB. Ha, ha, ha, det er ein Draum, Jeppe!

JEPPE. Hadde eg ikkje desse fire Riksdalarne enno, so vilde eg og billa meg inn at det var ein Draum. Gjev meg ein til, Jakob; eg vil ikkje tenkja paa den Galskapen meir, men drikkka meg ein ærleg Rus.

JAKOB. Skaal, Herr Baron; ha, ha, ha!

JEPPE. Du skynar det kannhenda ikkje, Jakob?

JAKOB. Nei ikkje um eg stod paa Hovudet.

JEPPE. Difor kann det vera sant, Jakob; for du er ein Tosk og forstend ikkje det som mindre er.

SCEN. 5.

MAGNUS. JAKOB SKOMAKAR. JEPPE.

MAGNUS. Ha, ha, ha! no skal eg fortelja Dykk ei Pokker til Soge. Det er hendt ein Mann som heiter Jeppe paa Berget; honom fann dei drukken og sovande utpaa eit Jorde og hadde andre Klæde paa honom og lagde honom i den beste Sengi paa Herregarden; daa han vakna, innbillte dei honom, at

det var han som var Baronen; drakk honom so full att og lagde honom ut paa ein Dunge i dei gamle skitne Klædi hans; daa han vakna der att, innbillte han seg at han hadde vori i Paradis. Eg hørde Soga av Folket hjaa Godsforvaltaren og log meg mest ihel; kunde eg faa sjaa det Narret, so gav eg ein Dalar; ha, ha, ha!

JEPPE. Kor mykje er eg skuldig, Jakob?

JAKOB. Tolv Skilling. (Jeppe stryk seg um Munnen og gjeng skamfull.)

MAGNUS. Kvi gjekk den Mannen so braatt?

JAKOB. Det er nett den [side 37] Mannen som hev vore ute for denne Soga.

MAGNUS. Er det Raad? Daa maa eg faa Tak i honom. Høyr, eit Ord, Jeppe: korleis stend det til i hi Verdi?

JEPPE. Lat meg vera.

MAGNUS. Kvi vart du ikkje verande der lenger?

JEPPE. Kva skil det deg?

MAGNUS. Aa, fortel oss noko um den Ferdi daa.

JEPPE. Lat meg gaa, segjer eg; elles gjer eg ei Ulukka paa deg.

MAGNUS. Aa, Jeppe, eg er so forviten.

JEPPE. Jakob Skomakar, hjelp meg. Finn du deg i, at det vert gjort Vald mot meg i Huset ditt?

MAGNUS. Eg gjer ikkje Vald mot nokon, Jeppe; eg berre spør spør kva du saag i hi Verdi.

JEPPE. Hei! Hjelp, Hjelp!

MAGNUS. Saag du ingen av Forfedrane mine der?

JEPPE. Nei dine Forfedrar maa vera paa den andre Staden, der, som eg vonar at du og andre Karnaliar kjem naar dei døir. (Slit seg laus og rømer).

SCEN. 6.

BARONEN. SEKRETÆREN. KAMMERTENAREN. 2 LAKEIAR.

BARONEN. Ha, ha, ha, den Soga var Gull verd; eg hadde aldri tenkt ho skulde gjort so mykje av seg. Kann du gama meg soleis oftare, Erik, so kjem du til aa staa deg serskilt godt hjaa meg.

ERIK. Nei, naadige Herre; eg vaagar meg ikkje til aa spela slik Komedie fleire Gonger; for hadde han

kome til aa slaa Herren, som han hota med, so hadde det vorte ei stygg *Tragedie*.

BARONEN. Det er mi Tru sant. Eg var rædd nok for det; men eg var so glad i Historia, at eg hadde heller late meg slaa, ja eg trur heller eg hadde late honom hengja upp deg, Erik, enn eg hadde sagt fraa um det rette Samanheng. Du hadde det kannhenda paa same Maaten?

ERIK. Nei, naadige Herre; det var noko underlegt aa lata seg hengja for Moro; det hadde vorte altfor dyr Moro, det.

BARONEN. Naah, Erik, slikt hender kvar Dag. Det er nok av deim som lata Live fara for Hugnad Skuld, um ikkje paa den Maaten, so paa ein annan. Soleis t. D. er det ein som er veik av seg og ser fyraat, at han vil øyda Liv og Helsa med for mykje Drykk; men han gjeng Storm mot Likamen sin og vaagar tidt Liv og Helsa for ein lystig Kveld. Eller paa ein annan Maate: Storvisirarne i Tyrkland verta gjerne strangulera eller strøypte, sume same Dagen dei verta Visirar, andre nokre Dagar etter; og [side 38] endaa storma alle fram til den Høgdi, liksom berre for aa verta hengde med ein høg Titel. Eller paa ein annan Maate: Officerar ofra gjerne, annankvar ein, baade Liv og Sjæl for aa faa Ord for Mod, og duellera for Ingenting jamvel med Overmennen, som dei vita vilja kvitta deim. Eg trur ogso det skulde vera mange hundrad Menneskje aa finna, som for ei Elskhugsnatt gjerne lét seg drepa Morgonen etter. Ein ser i Umlægringar, at Hærmennen i Hopetal røma og søkja av til umlægra Byar, som dei sjaa fyraat vil gjeva seg straks, og som soleis til aa liva ein Dag godt lata seg hengja andre Dagen. Det eine er ikkje vitugare enn det andre. I gamle Dagar hev ein jamvæl sétt Filosofar stupa seg i Ulukka berre for aa verta roste etter dei var daude. Difor trur eg fullkomeleg, Erik, at du heller hadde late deg hengja, enn du hadde spilt denne gilde Historia.

Av dette Eventyr me, kjære Born, kann læra,
at den Ting: Smaafolk braadt aa lyfta upp til Æra,
det likso faarlegt er, som naar ein ned til Jord
den trykkjer, som ved Dygd og Daad er vorten stor.

Naar Bønder, Handverksfolk skal Styresmenner vera,
daa Styrestaven um til Ris seg snart kann gjera;
Tyrannar letteleg for Raadsmagt fær ein daa,
og kvar ein Smaaby kann til Rors ein Nero faa.

Tru Caius, Falaris vel fordom øva kunde
ein Husbondskap meir hard enn denne arme Bonde?
Med Galge, Stegl og Hjul han hota oss heilt harm,
fyr i si Herremagt han enn var vorten varm.

Me difor ikkje meir av Plogfolk Herrar lagar
og Bonde Magti gjev som uti fordoms Dagar;
for gamle Grillur, um dei att fekk Magti si,
all Herredom vel fekk gjort um til Tyranni.